

VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

**Vår dato:** 03.02.2026

**Vår ref.:** 202205470-7 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 2022/1556-85

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs uttale - Høring - Framlegg til reguleringsplan for Åmothaugen Vest, planID 20160005 - Åmot sentrum - Vinje kommune**

Vi viser til brev datert 01.12.2025. Saka gjeld høring av detaljreguleringsplan for Åmothaugen Vest. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av helsesenteret med eit nybygg.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs uttale**

Planområdet er ikkje utsett for flaum og skred, men det er utfordringar med overvatn.

#### *Overvatn*

Etter det vi kan sjå er det ikkje utarbeid plan for overvatn. Det står i planomtalen at det skal utarbeidast teknisk plan, og at overvatn skal synast i situasjonsplan. Det er ikkje sett av areal til overvatn og flaumveger i plankartet.

NVE meiner at det ved handtering av overvatn er det viktig å vere tilstrekkeleg detaljert allereie på detaljreguleringsnivået, og ikkje utsette desse problemstillingane til byggesak og illustrasjonsplanar.

Som eit minimum må ein beskrive dimensjoneringsgrunnlaget for nedbør (gjentakintervall og dimensjonerande klimafaktor) og lokalisere og heimfeste eventuelle flaumvegar i plankartet.



For å sikre og etablere gode løysingar for overvatn, viser vi til at det skal veljast opne løysingar. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar blir valde bort, sjå [Statlige planretningslinjer for klima og energi - Lovdata](#), siste avsnitt i kapittel 5.3.

Vi rår til at kommunen sikrar trygge flaumvegar til resipient og sett av areal til dette i plankart og føresegner. Vi viser til NVEs [Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar 4/2022](#) tabell 4-6 for lovheimlar for ulike arealformål.

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen.

### **Meld inn naturfareutgreiingar**

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**  
VINJE KOMMUNE

**Kopimottakarar:**  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK